



Arkoconsult AS
Tom Andre Sivertsen
Postb 103 Fossen senter
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2082 - 14/10535

Saksbehandlar:
Nina Bakanova
Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Ferdigattest - gbnr 195/193 Leiknes - mur

Vi syner til søknad om ferdigattest for mur motteken, 05.03.2014.

Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningslova § 21-10.

Spesifikasjon

Byggestad: 195/193
Type tiltak: mur
Vedtak: Delegert sak behandla den 09.02.2012 i sak 2011/841

Ferdigattesten vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling, jf byggesaksforskrifta § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka. Tiltaket må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b



Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Nina Bakanova
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postb 103 Fossen 5291
senter

VALESTRANDSFOSSEN

